

Alver Kommune
Plan og byggesak
Postboks 4
5906 Frekhaug

Manger, 22.09.2022

Søknad om bruksendring for gbnr 445/1/40 , Nedre Manger

Viser til brev av 22.04.22 og søker med dette bruksendring frå bustadhus med næringsdel til kun bustadhus.

Den sørlege delen av bygget har frå 1965 til 2017 vore nytta som tannlegekontor, men dette er opphørt, og eg har teke det i bruk til bustad.

Endringane er kun innvendig, ingen fasadeendringar.

Per idag er det to straummålarar, og desse vil eg søkje om å få kombinert til ein målar i eit nytt elektrisk anlegg.

Eg legg ved ny og gamal planteikning.

Venlegst ta kontakt ved behov for ytterlegare informasjon.

Mvh



Sondre Villanger Håland
Grønåltegen 18
5936 Manger
Tlf. 947 97 331
Arb: 56 37 00 40
Sondre.haaland@villanger.net



Sondre Villanger Håland
GRØNÅLVEGEN 18
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar: Ref.:6WJDSY-
Skjemanr.:5367
Vår: 22/1088 - 22/29342

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
22.04.2022

Førebels krav om endring av bygningstype i matrikkelen - gbnr 445/1/40 Manger nedre

Alver kommune viser til mottatt krav om endring av bygningstype i matrikkelen for bustad på gbnr 445/1/40. Vi beklagar sein tilbakemelding.

Bygget på eigedomen er oppført som bustad kombinert med del for tannlegekontor og har bygningskode 111 i matrikkelen. Kommunen har ikkje teikningar av bygget då det truleg er ført opp før 1965 då plan- og bygningslova vart vedteken.

Du vert fakturert med 2 gebyr for vatn og avløp fordi bygget har ein bustaddel og ein næringsdel. Vi forstår av innsende teikningar, at heile bygget no er tatt i bruk til bustadføremål.

For å verta belasta med berre eitt gebyr for kommunale avgifter må du søkja om bruksendring av del av bygget frå tannlegekontor (næring) til bustadføremål. Dette er eit søknadspliktig tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1, jf. 20-3. Det vil seia at tiltaket krev bruk av ansvarlege føretak, for tiltak på eigen bustad opnar lovverket for at du kan søkja om ansvarsrett som sjølvbyggjar.

Du må leggja ved søknaden plan-, snitt og fasadeteikningar som viser bygget før og etter endring. Dersom bruksendringa berre omfattar innvendig tiltak vil det ikkje vera nødvendig å nabovarsla endringa.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Sondre Villanger Håland

GRØNÅLVEGEN 18

5936 MANGER